

Protokoll frå årsmøte i Sandane Småbåtlag 2022

Tysdag 28. Februar 2023

Møtestad og tid: Øvre Sørstranda 16, klokka 1900

Til stades: Det var 11 frammøtte, inkludert 4 frå styret.

Sakliste:

1. Opning av møtet

Leiar Ernfred Øygard ønskte velkomen og opna årsmøtet

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes godkjent

3. Konstituering

- Val av møteleiar og referent
- Val av to personar til å skrive under møteboka

4. Val av møteleiar og referent

- Møteleiar Ernfred Øygrad
- Referent Lars Johan Sivertsen

5. Val av to personar til å skrive under møteboka

- Oddmund Årdal og Rolf Tennebø

Samrøystes valde

6. Årsmelding 2022

Leiar presenterte årsmelding ved å lese opp. Det var ingen merknader til årsmeldinga.

Samrøystes vedteke

7. Rekneskap 2022 med revisjonsmelding:

Leiar la fram rekneskap og revisjonsmelding. Det kom inn følgjande merknader:

- Avvik på hamneleige mellom 2022 og 2021 bør undersøkast nærare
- Det framstår uklart kva som ligg i begrepet «Straumkontakt» under posten for «Leige av slipp/staumkontakt». Bør forklarast nærare.
- Det framstår uklart kva som ligg i balanseposten «Kundar». Bør forklarast nærare

Rekneskapet med revisjonsmelding blei elles samrøystes vedteke.

8. Budsjet 2023

Rekneskapet for 2022 vert lagt til for budsjett for 2023 med unntak av post for vedlikehald som vert endra til kr.50 000.

9. Inkomne saker

Det var ikkje meld inn saker til årsmøtet

10. Val

Valnemnda si innstilling til nytt styret:

Hamnesjef: Lars Johan Sivertsen (attval for 2 år)

Styremedlem: Jon Ingar Sørebo (attval for 2 år)

Leiar: Ernfred Øygard (ikkje på val)

Kasserar: Frode Denk (ikkje på val)

Sekretær: Per Inge Hole (ikkje på val)

Revisor: Øystein Sivertsen (ikkje på val)

Varamedlem1: Atle Jan Føleide (ikkje på val)

Varamedlem2: Jon Granheim (ikkje på val)

Det kom ingen andre framlegg og samtlege vart valde med akklamasjon

Styret si innstilling til valnemnd:


Ola Alexander Lilloe-Olsen (ikke på val)

Roar Henden (ikkje på val)

11. Avslutning

Møtet vart avslutta kl.2030.

Sandane 28.02.2023



Rolf Tennebo

Oddmund Årdal